



Til

Alle tilsette i kommunane Jølster, Gaular, Naustdal og Førde

Kommunereforma – status juni 2017

Vi er inne i ei spennande tid når det gjeld kommunesamanslåingar. 8. juni handsama Stortinget regjeringa sin proposisjon, og dei fire kommunane i indre Sunnfjord vart slått saman til ein kommune frå 1.1.2020. Også Eid/Selje (nye Stad kommune), Sogndal/Leikanger/Balestrand (nye Sogndal kommune), Hornindal/Volda (nye Volda kommune) og Flora/Vågsøy (nye Kinn kommune) vart slått saman av Stortinget denne dagen.

Felles kommunestyremøte

21.juni vart det halde felles kommunestyremøte for dei fire kommunane på Skei. Det er fylkesmannen som kalla inn til dette møtet der kommunestyra skulle drøfte følgjande saker:

- a. Talet på medleamar i det nye kommunestyret
- b. Kriterium for samansetting og funksjon til fellesnemnda
- c. Val av revisor for verksemda i fellesnemnda
- d. Oppretting av eventuelle andre fellesorgan for å sikre gjennomføringa av samanslåinga
- e. Framlegg til namn på den nye kommunen

Tal medlemmar i det nye kommunestyret vart endra frå 35 til 45.

Kommunenamn

Jølster og Gaular har gjort vedtak om at den nye kommunen bør heite «Indre Sunnfjord», medan Førde og Naustdal har peikt på «Førde» som nytt namn.

I felles kommunestyremøte på Skei vart ein ikkje samde om kva som skal vere namnet på den nye kommunen, og det blir no opp til regjeringa å fastsette namnet.

Fellesnemnd


Etter at Stortinget no har gjort vedtak om å slå saman dei fire kommunane, vil det vere Fellesnemnda som har ansvaret for prosessen vidare. Fellesnemnda består av representantar frå kommunestyra i dei fire kommunane. 4 representantar frå Gaular, Jølster og Naustdal – og 7 frå Førde. Til saman er det 19 medlemmar i Fellesnemnda:

1. Mathias Råheim, Gaular (H)	2. Anita Eide Kvamme, Gaular (Ap)	3. Norunn Lunde Furnes, Gaular (Krf)
4. Kari Iren Birkeland, Gaular (Sp)	5. Oddmund Klakegg, Jølster (Sp)	6. Reidun Støfring, Jølster (Sp)
7. Jakob Andre Sandal, Jølster (SV)	8. Anders Kristian Sægrov, Jølster (H)	9. Olve Grotle, Førde (H)
10. Ivar Svensøy, Førde (Ap)	11. Kari Valle, Førde (Ap)	12. Ole Jonny Stubhaug, Førde (Sp)
13. Turid Vallestad, Førde (SV)	14. Gunn Merete Paulsen, Førde (V)	15. Bjørn-Harald Haugsvær, Førde (Krf)
16. Håkon Myrvang, Naustdal (Ap)	17. Annlaug Birkeland, Naustdal (Ap)	18. Åsmund Berthelsen, Naustdal (SV)
19. Erlend Herstad, Naustdal (Sp)		

Fellesnemnd skal ha sitt første møte 28. juni der dei mellom anna skal velge leiar og nestleiar og drøfte den administrative organiseringa i prosjektet. Det blir lagt opp til at nemnda skal møtast ein gong i månaden.

Administrativ organisering

Det er lagt til grunn at prosessen med å slå saman dei fire kommunane skal organiserast i samsvar med denne prinsippkissa:



* deltar i styringsgruppe ved handsaming av tema som gjeld dei tilsette

Kva arbeider vi med no?

Kommunalsjefane, arkivleiarane og personalsjefane har danna nettverksgrupper for å kartlegge kva område som må harmoniserast og samordnast før ei samanslåing. Nettverka har møttest regelmessig, og kommunal-/etatsjefane har vurdert kva oppgåver som må utførast før 1.1.2020, kva som bør skje før 1.1.2020 og kva som kan/bør vente til ny kommune er etablert.

Noko av det første som vil skje er ei avklaring knytt til kven som skal bli rådmann i den nye kommunen, og som også vil vere leiar for samanslåingsprosjektet. Det er også viktig å gjere tilsvarende avklaring hos kommunalsjefane mv.

Det skal også utarbeidast eit omstillingsdokument og ein prosjektplan.

Informasjon

Alle aktuelle dokument, møtereferat o.l knytt til samanslåingsprosessen finn du på www.prosjektsunnfjord.no

Ynskjer alle ein god sommar!

Øystein Høyvik

-prosjektleiar-